



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Alvin Kristoffer Vågen Tveit
Holmefjord viltlag
Holsundvegen 73
5642 Holmefjord

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/51884	26/2961	Linda Hovde Nordås - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		05.06.2026

Delegert sak

Styre, råd, utval	Sak nr
Plan-, bygg- og miljøutvalet	508/2026

Melding om vedtak – Godkjenning av vald – Vald Holmefjord viltlag Bjørnafjorden kommune

Vedtak

Bjørnafjorden kommune godkjenner nytt vald for eigedom gnr. 113 bnr. 1-4, 10 og 12, og gnr. 114 bnr. 1-3 og 6, Holmefjord Viltlag. Teljande areal vert 7 827 daa. Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Saksframstilling

Alvin Tveit har søkt om oppretting av nytt vald på eigedom gnr. 113 bnr. 1-4, 10 og 12, gnr. 114 bnr. 1-3 og 6. Eigedomane har våren 2026 meldt utmelding frå valdet Nore Fusa viltlag.

Søknaden er innsendt innan frist 1. mai 26.

Eigedom gnr. 113 bnr. 1-4, 10 og 12, og gnr. 114 bnr. 1-3 og 6 har total areal på 7 834,9 daa (frå søknad). Søkjar ønskjer at kommunen gjennomgår teljande areal for valdet.

Vurdering

Eigedomane gnr. 113 bnr. 1-4, 10 og 12, og gnr. 114 bnr. 1-3 og 6 er i all hovudsak samanhengande og arronderinga har ei utforming som gjer det eigna til utøving av jakt. Arealet er over kravet til minsteareal for hjort i Bjørnafjorden som er 300 daa.

Valdets valdansvarlege representant vil vere Alvin Tveit.

Berekning av teljande areal for Holmefjord viltlag

Totalarealet for eigedomane er 7 910 daa. Ein teig på 113/10 og Holmefjordholmen er ikkje samanhengande med resten, og er ikkje inkludert i totalarealet. Vidare må det gjerast fråtrekk for kategorien bebygd, samferdsel, vatn og bre på totalt 45 daa og areal over tregrensa på 600moh, 38 daa. Etter fråtrekk står me igjen med eit teljande areal på 7 827 daa for valdet.

Arealet er justert slik at ikkje sameige/fellesteigar førast fleire gonger.

Sjå vedlagt kart for oversikt over med.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Løyvetildeling for 2026

Endeleg tildeling av løyve, med omsyn på tal dyr, alderssamansetning på dyra, og kjønssamansetning vert gjeve i eige brev medio juni d.å.

Kvotefri jakt på hjortekalv

Valdet søker om kvotefri jakt på hjortekalv ved å følgje denne lenka:

<https://bjornafjorden.kommune.no/landbruk-og-naring/landbruk/vilt-og-utmark/viltforvaltning/soknad-om-kvotefri-jakt-pa-hjortekalv/>

Bestandsplanområde

Kommunen ønskjer å nytta høvet til å informera valdet om moglegheita til å melda seg inn i eit bestandsplanområde. Bestandsplanområde som vil vera naturleg å inkludera Holmefjord villtag i vil vera Ytre Hardangerfjord bestandsplanområde.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til Bjørnafjorden kommune, og vi vil sende saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vedtaket ikkje blir endra.

Du kan bruke denne lenka for å sende inn din klage

https://skjema.bjornafjorden.kommune.no/skjema/BFK0348/Klage_p_kommunalt_enkeltvedtak.

I klagen skal det gå fram kva vedtak det blir klaga på og kva endringar ein ønsker, og klagen bør ha ei nærmare grunngjeving og andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klagen.

Dersom du ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet du får grunngjevinga.

Med vennleg helsing

Simon Wolff
Landbrukssjef

Linda Hovde Nordås
Rådgjevar - Landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Teljande areal Holmefjord villtag - kart